



Sektor samfunnsutvikling - avdeling byggesak og geodata

«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synneve Skei	901 46 818	2025/6714-9	«REF»	05.06.2026

Tilsynsrapport - synfaring 29.04.26 - 196/4

Kvinnherad kommune var 29.04.2026 kl 12-1330, på synfaring på eit nydyrkingsområde på eigedom 196/4.

Med på synfaringa var Natalie Martins Sæberg frå byggesak, Arve Aarhus frå landbruksavdelinga og Synneve Skei, miljøretta helsevern. Synfaringa vart munnleg og skriftleg varsla om til grunneigar på førehand.

Grunnen til synfaring var oppfølging av meldingar om mogleg forsøpling, ulovleg lagring av brukte gjenstandar og mogleg avvik frå føremålet med nydyrkingsløyve (mellomlagring av massar og gjenstandar, tipping i terreng).

Observasjonar på synfaringa:

Miljøretta helsevern:

På området var det plassert massar av betongrestar med armeringsjern.

Diverse utstyr som er vanskeleg å vurdere høyrer til gardsdrifta eller entreprenørdrifta var plassert rundt om på området.

Det låg to slamavskiljarar på eigedomen, det var litt uklart kva dei skulle nyttast til.

Konteinarar som står på området er opplyst av grunneigar vil bli flytta over til andre sida av vegen for å skilje tydeleg dyrkingsområde og anna aktivitet.

I tippet som er etablert for å jamne ut dyrkingsområdet, var det utfordrande å vurdere om massane var reine. Vi såg ikkje spor av avfall der. Vi kunne heller ikkje sjå massar med hageavfall i tippet, men grunneigar opplyste om at det hadde vore dumpa hageavfall med framandartar i tippet.

Det opplyst frå grunneigar at dei tømmer massar med slambil frå sandfangkummar i tippen.

Veg bort til tippen er forsterka med asfaltlag på toppen. Det vart opplyst at denne vegen kom til å vera permanent og derfor ikkje rekna som dyrkingsareal.

Landbruk:

Det vart opplyst frå grunneigar at dyrkingsarbeidet var nedprioritert til fordel for andre lettare gjennomførbare dyrkingsfelt, som no var fullførte. Vidare vart det opplyst at grunneigar har behov av for til dyra, dyrking er einaste moglegheit, og at dei vil fortsetje dyrkinga. Det vart uttrykt at det var vanskeleg med stadige klagar og at det tæra litt på iveren.

Kommunen si vurdering:

Tilbakemeldinga som kom frå grunneigar straks etter varsel om synfaring stemmer overeins med det som vi såg på synfaringsdagen.

Kommunen vurderer følgjande:

1. Hageavfall uansett innhald skal leverast til lovleg mottak. Hageavfall som ikkje er kompostert kan danna deponigassen metan, samt gi avrenning av uheldige mengder næringsstoff ut i vassdrag. Dette gjeld uavhengig av om det dreiar seg om framande artar eller anna hageavfall. Avfall av organisk hageavfall er heimla i avfallforskrifta § 9-4 a).
2. Det er sendt inn analyserapport av sandfangmassane som har vorte tippa i tippen. Kommunen har teke kontakt med analyselabben Alex Stewart International Norge AS (ASA), avdeling Odda. Dei opplyser at massane er analysert i tru om at dei skulle leverast til godkjent avfallsdeponi, derfor er ikkje stoffa olje, tungmetall og PAH teke med i analyserapporten.¹ Det er også teke kontakt med Statsforvaltaren for vegleiing om gjenbruk av sandfangmassar. Dei konkluderer at sandfangmassar er avfall og skal leverast til mottak og viser til § 9-4 i avfallforskrifta.
3. Betongrestar med armeringsjarn som vart opplyst var planlagt å gjenvinna til masseutfyllinga er avfall og er ikkje eigna som underlag i eit dyrkingsområde. Avfallet må leverast til lovleg mottak for handtering av slike massar.²
4. Utstyr og anna materiale som er skjemmande og ikkje høyrer til på eit nydyrkingsområde må fjernast.
5. Det er viktig å prioritere dette dyrkingsfeltet fordi det har vore utsett og fordi det er stor merksemd på saka.
6. At dyrkingsfeltet er stort og krevjande, men at søkjar gjerne deler feltet i delområde for slik enklare klare å vise framdrift.
7. Kommunen vil ha jamleg oppfølging av framdrifta i dialog med tiltakshavar.

Vidare saksgang:

Miljøretta helsevern:

Vedtak om pålegg om stans – tipping av avfall – miljøretta helsevern vert sendt saman med tilsynsrapporten. Det vil i etterkant av verta sendt ut eit vedtak om pålegg om opprydding av tippa avfall. Omfang og innhald av tippen må koma fram i ein fagrapport frå nøytral konsulentfirma.

Byggesak:

Det som gjeld driftsbygning/sauefjøs har søkjar blitt bedt om supplerande opplysningar. Ta kontakt med kommunen for vegleiing.

¹ <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/klifst/publikasjoner/2553/ta2553.pdf>

² <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/industri/for-naringsliv/betongproduksjon/gjenvinning-av-betongavfall/>

Tiltaket på andre sida av veien vart omtalt på synfaringa som ei uavklart byggesak. Det er førebels ikkje spesifisert kva som skjer vidare.

Landbruk:

Landbruk følgjer opp framdrifta som nemnt over.

Med helsing

KVINNHERAD KOMMUNE

Synneve Skei

Konsulent miljøretta helsevern

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Natalie Martins Sæberg
Arve Aarhus
STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Rosendalsvegen 10
Rosendalvegen 10
Njøsavegen 2

Mottakarar:

Hege Mehammer Tofte

Geir Sverre Tofte